



Saksframlegg

Dato Referanse Saksbehandlar
24.10.2025 25/25443 Olav Arne Vatne

Saksnr.	Utval	Møtedato
49/25	Samferdselsutvalet	10.11.2025
115/25	Fylkesutvalet	25.11.2025
64/25	Fylkestinget	09.12.2025

Framtidig hurtigbåtrute Hamsund-Ålesund

Fylkestinget 09.12.2025 - sak 64/25

Behandling

Behalde dagens størrelse på båt videre. , foreslått av Nils Olav Moen, Industri- og Næringspartiet

Dagens drift blir videreført som i dag.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Innstilling fra Fylkesutvalet - 25.11.2025**

For: 35 stemmer (76%) - FRP 10, H 9, KRF 3, MDG 1, SP 5, SUNML 1, SV 3, UAVH 1, V 2

Mot: 11 stemmer (24%) - AP 8, INP 1, KDL 1, UAVH 1

Stemmer:

Fredric Holen Bjørdal (AP)

Bjarne Kvalsvik (KDL)

Nils Olav Moen (INP)

Jack Narve Sæther (AP)

Hanne Notøy (AP)

Geir Ove Leite (AP)

Erling Vestre (AP)

Eirin Andersen Gravem (AP)
Jens Aklestad (AP)
Silje Alise Ness (UAVH)
Hege Merethe Gagnat (AP)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **NF - Behalde dagens størrelse på båt videre.**

Nils Olav Moen (INP)

For: 3 stemmer (7%) - INP 1, KDL 1, MDG 1

Stemmer:

Jonas Maas Nilsen (MDG)

Nils Olav Moen (INP)

Bjarne Kvalsvik (KDL)

Mot: 43 stemmer (93%) - AP 8, FRP 10, H 9, KRF 3, SP 5, SUNML 1, SV 3, UAVH 2, V 2

Vedtak:

Fylkestinget vedtek å vidareføre Hamnsundruta også etter 1.1.2027, noko justert i høve dagens tilbod. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren førebu anbodssak som inneheld eit rutetilbod der arbeids- og skulereiser mandag-fredag er inkludert. Anbudet skal basere seg på ein båt med 47PAX. Ein syner for øvrig til tilleggsnotat frå fylkeskommunedirektøren i denne saka. Innanfor ei ramme på 10 mill skal ein også få mest mogleg annan ruteproduksjon. Fylkestinget vedtek også å legge inn 15 mill til ny kai i Hamnsund. Denne investeringa vert å innarbeide i økonomiplanen. Mynde til å handtere saka politisk vert å delegere til samferdselsutvalet.

Fylkesutvalet 25.11.2025 - sak 115/25

Behandling

Fylkeskommunedirektøren sin merknad og innstilling, foreslått av Fylkeskommunedirektøren ,

Merknad:

Sjå vedlegg nr. 1.

Innstilling:

Fylkestinget vedtek å leggje ned Hamnsundruta etter utløpet av dagens hurtigbåtkontrakt (31. desember 2026), jf. fylkeskommunedirektøren sitt forslag til økonomiplan for 2026 - 2029.

Fylkestinget vedtek å oppretta ei mindre lokal båtrute for å ta i vare innbyggjarane på Store Kalvøy sitt skyssebehov, vidare blir det delegert til samferdselsdirektøren å tildele ruteløyve til selskapet som vinn konkurransen om rutekøyning til/frå Store Kalvøy.

Finansiering av mindre lokal båtrute og styrka busstilbod vert å innarbeide i økonomiplanen for 2027 – 2030.

Vidareføre Hamnsundruta - trekt før votering, foreslått av Hans Olav Myklebust, Fremskrittspartiet

Fylkestinget vedtek å vidareføre Hamnsundruta også etter 1.1.2027, men med redusert omfang i høve dagens tilbod. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren førebu anbodssak som inneheld eit rutetilbod der arbeids og skulereiser mandag-fredag er inkludert. Anbudet skal basere seg på ein båt med 47PAX. Innanfor ei nettoramme på 10 mill. skal ein også få mest mogleg annan ruteproduksjon. Fylkestinget vedtek også å legge inn 15 mill. til ny kai i Hamnsund. Denne investeringa vert å innarbeide i økonomiplanen.

Forslaget blei trekt før votering.

Justert alternativ om vidareføring av Hamnsundruta, foreslått av Hans Olav Myklebust, Fremskrittspartiet

Fylkestinget vedtek å vidareføre Hamnsundruta også etter 1.1.2027, noko justert i høve dagens tilbod. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren førebu anbodssak som inneheld eit rutetilbod der arbeids- og skulereiser mandag-fredag er inkludert. Anbudet skal basere seg på ein båt med 47PAX. Ein syner for øvrig til tilleggsnotat frå fylkeskommunedirektøren i denne saka. Innanfor ei ramme på 10 mill skal ein også få mest mogleg annan ruteproduksjon. Fylkestinget vedtek også å legge inn 15 mill til ny kai i Hamnsund. Denne investeringa vert å innarbeide i økonomiplanen. Mynde til å handtere saka politisk vert å delegere til samferdselsutvalet.

Votering nr 1 - Votering over forslag

NF - Fylkeskommunedirektøren sin merknad og innstilling: 3 stemmer (23%) - AP 2, SV 1
Fylkeskommunedirektøren

Stemmer:

Geir Ove Leite (AP)

Line Hatmosø Hoem (AP)

Marit Aklestad (SV)

EF - Justert alternativ om vidareføring av Hamnsundruta: 10 stemmer (77%) - FRP 3, H 2, KRF 1, MDG 1, SP 2, V 1

Hans Olav Myklebust (FRP), Andre parti: FRP, KRF, H, V, SP

Innstilling:

Fylkestinget vedtek å vidareføre Hamnsundruta også etter 1.1.2027, noko justert i høve dagens tilbod. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren førebu anbodssak som inneheld eit rutetilbod der arbeids- og skulereiser mandag-fredag er inkludert. Anbudet skal basere seg på ein båt med 47PAX. Ein syner for øvrig til tilleggsnotat frå fylkeskommunedirektøren i denne saka. Innanfor ei ramme på 10 mill skal ein også få mest mogleg annan ruteproduksjon. Fylkestinget vedtek også å legge inn 15 mill til ny kai i Hamnsund. Denne investeringa vert å innarbeide i økonomiplanen. Mynde til å handtere saka politisk vert å delegere til samferdselsutvalet.

Samferdselsutvalet 10.11.2025 - sak 49/25

Behandling

Etterlysing av sak, foreslått av Hans Olav Myklebust, Fremskrittspartiet

Fylkestinget syner til vedtak i fylkestinget i T-sak 58/24 som lyder slik: "Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren legge fram sak om konkurranseutsetting av Hamnsundruta som inneber fortsatt drift etter 2027. Saka skal inkludere anløp på dagens anløpsstadar og på ein meir økonomisk berekraftig måte"

Fylkestinget har enno ikkje motteke sak knytt til denne bestillinga frå fylkestinget og avventar vidare avgjerd til saka er motteken til politisk handsaming.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Fylkeskommunedirektøren si innstilling: 0 stemmer (0%)

EF - Etterlysing av sak: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 2, H 3, INP 1, KDL 1, KRF 1, SP 1, SV 1, V 1
Hans Olav Myklebust (FRP), Andre parti: FRP, H, INP, KRF, SP, V

Tilråding:

Fylkestinget syner til vedtak i fylkestinget i T-sak 58/24 som lyder slik: "Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren legge fram sak om konkurranseutsetting av Hamnsundruta som inneber fortsatt drift etter 2027. Saka skal inkludere anløp på dagens anløpsstadar og på ein meir økonomisk berekraftig måte"

Fylkestinget har enno ikkje motteke sak knytt til denne bestillinga frå fylkestinget og avventar vidare avgjerd til saka er motteken til politisk handsaming.

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Fylkestinget vedtek å leggje ned Hamnsundruta etter utløpet av dagens hurtigbåtkontrakt (31. desember 2026), jfr. fylkeskommunedirektøren sitt forslag til økonomiplan for 2026 - 2029.

Fylkestinget vedtek å oppretta ei mindre lokal båtrute for å ta i vare innbyggjarane på Store Kalvøy sitt skyssbehov, vidare blir det delegert til samferdselsdirektøren å tildele ruteløyve til selskapet som vinn konkurransen om rutekøyning til/frå Store Kalvøy.

Finansiering av mindre lokal båtrute og styrka busstilbod vert å innarbeide i økonomiplanen for 2027 – 2030.

Samandrag

Dagens Hamnsundruta vart oppretta etter at Nordøyvegen vart opna for trafikk hausten 2022. Nordøyruta skulle leggjast ned ved opninga av bomvegen, men vart vidareført gjennom opprettinga av Hamnsundruta. Til tross for eit stort arbeid opp i mot kommunar og trafikknemnder med ruteplanlegging for å best mogleg sikre hurtigbåtruta gode passasjertal er bruken beskjeden. På bakgrunn av liten bruk og høge utslepp av klimagassar ønsker fylkeskommunedirektøren å legge ned ruta ved utløpet av kontraktsperioden.

Bakgrunn

Møre og Romsdal fylkeskommune har i dag kontrakt med Boreal Sjø på drift av følgjande hurtigbåtruter:

Hareid – Valderøy – Ålesund

Langevåg – Ålesund

Hamnsund - Store Kalvøy – Valderøy – Ålesund

Dagens kontrakt går ut 31. desember 2026

Fylkestinget fatta i sak 58/24 vedtak om å konkurransesette hurtigbåtrutene Hareid – Valderøy – Ålesund og Langevåg – Ålesund. Som ein del av vedtaket vart også fylkeskommunedirektøren pålagt å legge fram eiga sak om konkurransesetting av Hamnsundsambandet.

Hamnsundruta har sitt utspring i Nordøyruta og vart oppretta da Nordøyvegen vart opna for trafikk hausten 2022. I hurtigbåtkontrakten som Møre og Romsdal fylkeskommune har med Boreal Sjø går det fram at Nordøyruta skulle leggjast ned ved opninga av veggen, dette skjedde likevel ikkje.


I forkant av etableringa av Hamnsundruta vart det lagt ned eit betydeleg arbeid for å sikre eit best mogleg trafikkgrunnlag. I samarbeid med kommune og trafikknemnder vart det arbeidd med å optimalisere rutetabellane på buss og ferje for å sikre god korrespondanse opp i mot hurtigbåtruta. Gode korrespondansar og «skreddarsaum» i ruteopplegget skulle borge for gode trafikktal på hurtigbåten. Til dømes kan innbyggjarane på Ona på same dag reise kollektivt tur/retur Ålesund på kvardagane med ferje, buss og båt. Gjennom spørjeundersøkingar og ulike høyringsrundar har innbyggjarar og næringsliv i regionen vore tydelege på kor viktig hurtigbåtruta er for regionen, dette har likevel ikkje spegla seg i trafikktala.

Vurdering


Trafikktal Hamnsundruta

Samla sett så har dei tre hurtigbåtrutene i fylket hatt ein svak reduksjon i talet på reisande i åra etter korona-pandemien. Noko av forklaringa er truleg at fleire har halde fram med heimekontorordning etter pandemien samt rabattert pris på el-bil saman med passasjerfri betaling på ferjene (Hareid – Sulesund).


Unntaket er Hamnsundruta (rute 1149) som har hatt ein rimeleg uendra (flat) utvikling i passasjertal eksl. skoleskys i perioden frå januar 2024 og fram til i dag, sjå tabellen under.



Sjølv om trafikkutviklinga i Hamnsundruta er stabil er passasjerbelegget svært lågt. Ruta blir trafikkert av hurtigbåten MS Kalvøy som har ein passasjerkapasitet på 147. Som tabellen under syner, er det svært sjeldan at passasjertalet overstig 50. Av tabellen under, som gjeld for perioden 1.1.2024 -30.6.2025, ser ein og at nærare 45 prosent av turane blir utført med eit passasjerbelegg på mellom ein og fem, noko som er svært lågt, særleg med tanke på at hurtigbåttransport er ei svært kostbar og forureinande transportform.



Når det gjeld fordelinga av reisande på kvardagar og helg går det og fram at hurtigbåten er svært lite nytta i helgene, tabellen syner at trafikken på laurdagar og søndagar er stabilt låge gjennom heile perioden.



Alternativ transport ved ei eventuell nedlegging av Hamnsundruta

For bussette på øyane langs Nordøyvegen og i områda Hildre, Søvika samt delar av Grytastranda vil raskaste veg til Ålesund sentrum i dei fleste høva vere privatbil eller buss til Hamnsund og hurtigbåt vidare. For reisande som skal aust for Ålesund sentrum, som til dømes Moa eller Digernes vil hurtigbåten ha mindre nytte da tidsbruken vil dreie meir i favør av privatbil og buss. Truleg vil også billettprisen på hurtigbåten medverke til at fleire som kunne reist med båt heller vel bilen som transportmiddel og slik oppnå ei rimelegare reise.

Tabellen under viser estimerte reisetider i minutt for dei ulike transportmidla.

	bil/båt	buss/båt	bil	buss
Finnøya ferjekai - Ålesund sentrum	80	95	100	160
Finnøya ferjekai - Moa		115	85	140
Finnøya ferjekai - Digernes			75	130
Brattvåg - Ålesund sentrum	45	55	45	80
Brattvåg - Moa			35	45
Brattvåg - Digernes			25	30

Ei nedlegging av Hamnsundruta vil fordre noko anna organisering av busstilbodet i området. Det vil vere behov for avgangar mellom Finnøya og Moa/Ålesund sentrum for å handtere skuleskyss og arbeidspendling. I tidlegare saker knytt til bygging av Nordøyvegen er det synt til ein direkteavgang med buss til Ålesund sentrum om morgonen og to andre vegen. Auka tal av bussar på ettermiddag kjem av at skulane opererer med andre sluttider enn det ein har i arbeidslivet.

På morgonen ser vi føre oss bussrute Finnøya – Sjøvik – Stette – Ellingsøya – Ålesund sentrum, med korrespondanse til ferja på Finnøya samt busskorrespondanse Stette/ Moa. På ettermiddagen vil det vere behov for to busser andre vegen. Omorganiseringa av busstilbodet vil medføre auka ruteproduksjon og to ekstra bussar med ein auka kostnad på om lag fem millionar kroner om ein tek utgangspunkt i busskontrakta frå 2026.

Økonomi

Berekningane viser at Hamnsundruta er sambandet med lavast passasjerbelegg i dagens hurtigbåtkontrakt, ruta har også den høgste drifts- og investeringskostnaden per passasjer. Hamnsundruta utmerkar seg, med om lag dobbelt så høg kostnad per passasjer samanlikna med dei to andre fylkesinterne sambanda. Pr. juni 2025 har fartøyet i Hamnsundruta utført 3 900 avgangar med i alt 31 247 reisande (eks. skuleskyss). Dette gir eit gjennomsnitt på 8 reisande per avgang. Til samanlikning har fartøyet som trafikkerer ruta ein passasjerkapasitet på 147.

Per juni 2025 har kvar passasjerreise på dette sambandet, blitt subsidiert med om lag 520 kroner. Om ein tek med kommande behov om investeringar i kaianlegg, så vil dette beløpet bli meir enn dobla. Kaianlegga til denne ruta ligg ikkje inne i prioriteringane for det noverande investeringsprogrammet for fylkesveg. Foreløpige estimat viser at investeringar knytt til Hamnsund hurtigbåtkai og Valderøy hurtigbåtkai vil koste minimum 30 millionar kroner.

Møre og Romsdal fylkeskommune mottar rammetilskot til kollektivtilbodet gjennom inntektssystemet til fylkeskommunen. Etter 1. januar 2024 vart fylkeskommunen sitt «utgiftsbehov» uavhengig av faktisk hurtigbåttilbod. Ein nedlegging eller endringar i rutetilbodet

på hurtigbåt, vil derfor ikkje lengre gi ein negativ effekt på rammetilskotet frå staten. Fylkeskommunen vil få ei innsparing lik reduserte netto driftsutgifter om Hamnsundruta vert lagt ned.

Ei nedlegging av Hamnsundruta vil verke positivt inn på utsleppstala av CO₂, fylkeskommunedirektøren reknar med ein årleg reduksjon på rundt 1600 tonn CO₂-ekvivalentar som vil vere eit viktig bidrag til å nå fylkeskommunen sitt mål om 55 prosent reduksjon av klimagass-utslepp innan 2030.

Miljø/CO₂-utslepp

Hurtigbåt er eit transportmiddel som har eit generelt høgt energibehov, dette sidan fartøya må opp i fart for å mest mogleg løfte skroget ut av vatnet. Som ein konsekvens av dette har fartøya høge utslepp av CO₂. Hamnsundruta er berekna å ha eit årleg utslepp på rundt rekna 1600 tonn CO₂, noko som på ein tur frå Hamnsund til Ålesund vil utgjere om lag 200 kg CO₂. Med tanke på det låge passasjertalet i ruta blir utsleppet per passasjer svært høgt. Når nye bussanbod (rutepakke 4) vert starta med elektriske bussar frå 1. januar 2025 vil det ikkje vere direkte utslipp frå bussane. Slik sett vil det vere ei svært stor innsparing i utslepp ved å avvikle hurtigbåtruta sjølv om ein må justere opp busstilbodet.

Kollektivtilbodet til/frå Store Kalvøy i dag

Store Kalvøy er lokalisert til Haram kommune og har etter tal frå folkeregisteret 12 busette. Øya har i dag eit svært godt kollektivtilbod med hurtigbåt, 7 avgangar på kvardag, 5 på laurdagar og 6 på søndagar. Utover dette har øya ferjeforbindelse til Valderøy med tre bestillingsturar, to på onsdagar og ein på laurdag, ferja løyser øya sitt behov for godstransport og renovasjon.

I forhold til talet på innbyggjarar har Store Kalvøy i dag eit svært godt kollektivtilbod, både med omsyn på frekvens og reisetid. Det gode tilbodet skuldast Hamnsundruta som passerer rett forbi øya i ruta mellom Hamsund og Ålesund. I dagens Hamnsundruta vil stoppa på Store Kalvøy kunne skje utan særlege meirkostnadar. Ved ei nedlegging av Hamnsundruta vil det ikkje vere mogleg å sjå føre seg same kvalitet på kollektivtransporten til øya.

Fylkeskommunedirektøren ser difor føre seg å løyse persontransporten til øya med eit mindre fartøy tilpassa farvatnet og talet på innbyggjarar lik det ein har av andre mindre lokale båtruter elles i fylket. Ferjetilbodet som øya har i dag vil bestå. Når det gjeld nytt båttilbod må avgangstider og talet på turar skje i samråd med kommunen og innbyggjarane på Store Kalvøy.

Store Kalvøy - forslag til framtidig fartøy og kostnadsestimat

Talet på innbyggjarar fordrar i seg sjølv ikkje noko stort fartøy, det er likevel naudsynt at fartøyet er godkjent for fartsområdet det skal trafikkere samt kunne oppretthalde god regularitet med tanke på innbyggjarane på øya.

Møre og Romsdal fylkeskommune yter i dag tilskot til fleire mindre lokale båttruter, mellom anna i kommunane Ørsta, Sande og Aure, ut i frå eit likskapsprinsipp bør ei lokal båttrute til Store Kalvøy handterast tilsvarande som på desse stadane.

Store Kalvøy er lokalisert til Haram kommune og såleis burde ruta vore lagt opp i mot reiser til/frå kommunesenteret (Hamnsund / Brattvåg), reiseaktiviteten på Store Kalvøy er likevel meir retta inn i mot Ålesund og ei lokal båttrute bør av den grunn gå dit. Det bør likevel ikkje by på vanskar om det også skulle syne seg naudsynt å gå til Hamnsund (til dømes skoleskyss). Ruteoppsett og reisetider må planleggjast saman med Haram kommune og innbyggjarane på Store Kalvøy. Som utgangspunkt ser fylkeskommunedirektøren føre seg for eit mindre fartøy med kapasitet 12 passasjerar, estimert pris på eit slikt fartøy vil ligge opp i mot 5 millionar kroner.

Om ein ser føre seg eit fartøy med servicefart 15 Knop vil overfartstida mellom Store Kalvøy og Ålesund ligge i området 15 til 20 minutt. I tabellen under er det presentert eit grovt kostnadsoverslag for eit slikt fartøy.

Utgangspunktet for estimatet er ein ruteproduksjon tilsvarande tre turar på vekedagane, to på laurdagar og to på søndagar.

Avskrivning (10 år)	500 000
Renter og avdrag (4 000 000. 6% rente)	500 000
Drivstoff (10 NOK/l)	1 000 000
Løn (2 pers. inkl. sosiale utgifter)	2 000 000
Vikar/sjukeløn	200 000
Forsikring	100 000
Vedlikehald	200 000
Sum	4 500 000

Konklusjon

Hamnsundruta har størst nytte for folk på øyane langs Nordøyvegen og i dei vestre delane av Haram, i midtre og austre delar av kommunen er nytta lågare og innbyggjarane vil vere betre tent med buss og privatbil. Passasjergrunnlaget i Hamnsundruta er lågt og nærare 45 prosent av turane blir utført med så lite som mellom ein og fem reisande. Fartøyet i ruta har ein passasjerkapasitet på 147.

Basert på talet på turar og reisande blir kvar passasjerreise subsidiert med 520 kroner, eit tal som meir enn vil doble seg om ein reknar med investeringar i kaianlegga. Rammetilskotet til fylkeskommunen er i dag uavhengig av det faktiske hurtigbåttilbodet, noko som betyr at fylkeskommunen vil få ei innsparing lik reduserte netto driftsutgifter om Hamnsundruta vert lagt ned.

Hurtigbåtdrift er i utgangspunktet ein kostbar og svært forureinande transportform og bør primært nyttast på stader med høgt trafikkgrunnlag. CO2-utsleppa er svært høge, særleg når ein ser det opp i mot det låge passasjertalet i ruta. Ut i frå eit miljøperspektiv er ruta ikke berekraftig.

Store Kalvøy har i dag 12 busette, båttransporten til denne øya bør etter fylkeskommunedirektøren sitt syn løysast med eit mindre og meir eigna fartøy på line med det som er praksis for dei mindre lokale båttrutene andre stadar i fylket. Fylkeskommunedirektøren vil med bakgrunn i det som er skrive over rå til at Hamnsundruta blir lagt ned ved utløpet av dagens hurtigbåtkontrakt (31. desember 2026).

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør

Vedlegg

Vedlegg 1. Fylkeskommunedirektøren sin merknad - Framtidig hurtigbåtrute Hamsund - Ålesund

Vedlegg 2. Uttale frå Sunnmøre regionråd om framtida til hurtigbåtsambandet Hamnsund–Store Kalvøy–Valderøya–Ålesund